

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Ole Martin Eikeland
Suldalsvegen 919
4230 Sand

Ritland 29.06.15

**Høyringsuttale til søknad om bygging av vasskraftverk i Steinsåna, Suldal i Rogaland Fylke.
Registreringsnummer 7315, Saksnummer 201306828**

Som eigarar av Gnr.13, bnr 1 og Gnr.13, bnr.2 i Suldal kommune vil me komme med nokre innspel til konsesjonssøknaden. Me er ikkje fallrettseigar i prosjektet, men blir på ulikt vis påverka av prosjektet likevell. Me har i fellesskap med nokre naboar sendt inn ein felles uttale angående bruk av veg og grunn hjå andre grunneigarar enn dei som Clemens Kraft har avtale med.

Her vil me komme med nokre fleire innspel til behandlinga av konsesjonssøknaden.

I konsesjonssøknaden er det opplyst at det ikkje er funne tilbod om allment kjøp av jakt og fiskekort. Dette stemmer ikkje. Fleire grunneigarar leiger ut jakt til firmaet Eventus, (www.eventus.no) som driv med jaktturisme. Dette er eit ope tilbod som blir marknadsført blant anna gjennom heimesida til firmaet. Likeeins har me overlate til Suldal Sportsfiske (www.opplevsuldal.no) å selje fiskekort i Ritlandsvatnet. Dette er også eit tilbod som er ope for alle å nytta seg av. Konsesjonssøklar skriv også at det ikkje er registrert turløyper i området. Suldal kommune har laga fine kart med turløyper i ulike delar av kommunen. Ei mykje nytta turløype går rett forbi der kraftstasjonen er planlagt plassert, og det er ein tur-post som er plassert ca 100 meter sør-aust for planlagt kraftstasjon.

Punkta om allmenn tilgang på jakt og fiske, og turløyper ser me ikkje på som dei mest vesentlege i handsaminga av konsesjonssøknaden, men sidan konsesjonssøklar kjem med direkte feil finn me det rett å kommentera opplysningane som er framlagde. Dette er opplysningar som enkelt kunne vore korrekte dersom utbyggjar hadde halde ein god dialog med oss lokalt, noko me opplever at dei ikkje har hatt på noko stadie i prosessen.

I konsesjonssøknaden er det opplyst at kraftstasjonen vil bli plassert i eit område utan nevneverdig bebyggelse. På gnr.13, bnr2 står det ei skogsbu. Denne er plassert mindre enn 100 meter i sør-vestleg retning frå planlagt kraftstasjon. Noverande eigar overtok garden i 2004. Då var denne hytta i dårleg stand, men dei siste åra har den gått gjennom omfattande oppgradering. I dag vert den nytta både som pause-bu under skogsarbeid, og som turmål for familien.

Dersom NVE gir Clemens Kraft konsesjon til å byggja ut dette prosjektet vil me setja fram krav om omfattande støyskjerming av kraftstasjonen. Det må setjast grenseverdier for kor mykje støy som vert akseptert, og utbyggjar må utforma kraftverket slik at desse krava vert stetta. Både eigen bruk av hytta og friluftsområdet og ålmenta si bruk av området vil bli kraftig påverka dersom ein blir utsett for støy frå kraftstasjonen. Etter vår vurdering vil støy vera den faktoren som vil påverka bruken av naturområdet mest i negativ retning.

Ole Martin Eikeland

Erling Ritland